



Vegavdelinga
Rune Kilen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2727 - 19/33749

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.11.2019

Intern oversending av søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 137/66 Alver

Tiltak: Leikeplass
Byggjestad: Gbnr: 137/66
Tiltakshavar: Sommerro Panorama AS
Ansvarleg søkjar: Reigstad Bygg og Eigedom AS

Saka gjeld søknad om oppføring av murar på eigedom gbnr. 137/66 i tilknytting til leikeplass F_L2.

Murane er plassert nærare føremålsgrænse mot veg enn 1 meter, jf. føresegna til planen § 2.9 som opnar opp for at tiltak kan plasserast inntil 1 meter frå føremålsgrænse det det ikkje er synt regulert byggegrense.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kubbaleitet/planid. 1263-201215 er definert som leikeplass f_L2 .

Rekkefølgjekrav i plan: etablering av felles leikeplass f_L2 inngår som rekkefølgjekrav knytt til område BF2, BK1 og BB3 jf. føresegna § 3.20.


Krav til leikeplass f_L2 går fram av føresegna § 5.7

«f_L2 vil vere ein opparbeida leikeplass best tilpassa mindre born frå 0-8 år. Det vert lagt til rette for sandkasse, benk, disse, vippe. Det er lite eksisterande vegetasjon å ta vare på i dette området. Det vil bli lagt til rette for ein mindre ballbane. Det må etablerast gjerde mot sør/søraust som skjerming mot vind og høgde.»

Med omsyn til byggegrenser er det i føresegna § 2.9 2. ledd teke inn følgjande om søknadspliktige murar:

«Tiltak som ikkje krev søknad, samt søknadspliktig opparbeiding av parkeringsplass og søknadspliktige støttemurar kan plasserast utanfor byggegrensa– men minimum 1 meter frå nabo og føremålsgrænse.»





Det er på situasjonsplan ikkje påført avstand frå støttemur til føremålsgrænse. Vi legg til grunn at grøn heiltrukken line på insendt situasjonsplan er føremålsgrænse for område f_L2.

I dialog med ansvarleg søkjar er det opplyst at murar er plassert nærare føremålsgrænse enn 1 meter og det er difor søkt om dispensasjon frå føresegna §2.9

Vurdering

Det ligg ved kart som syner at innmålt mur er plassert på areal avsett til f_L2, det er i reguleringsplan lagt inn frisisiktsone i høve til tilgrensande kryss. Det er vidare avsett grøfteareal som ikkje er påverka av dei aktuelle murane.

Saka vert oversendt Teknisk drift ved VA-avdelinga og Veg- avdelinga. Vi er takknemlig for snarleg attendemelding.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon for oppføring av terrengmur gbnr 137/66 Alver - leikeplass f_L2

Vedlegg:

Kart innmålt mur f_L2 1-200 A3 15112019

Søknad om dispensasjon mur leikeplass f_L2 Kubbaleitet gbnr 137-66

Kopi til:

Ketil Mikkelsen

Mottakrar:

Vatn og avløp

Vegavdelinga